

# Major Einar Sægen „Statminister Nygaardsvold, Statminister, statsråd og logestolar“ Eget boktrykk. Oslo 1940

101346

Danskane var jo klokare. Og engelskmenn var sjølvsagt klokare. Her i Noreg kallar me oss frilynde. Men folk veit inkje kva frilynde er.

Løt same frilynde syn på rett og urett fekk merkeleg nok sin beste studnad millom anna i sjølve bispen Berggravs hyrdebrev av 23/10—1940, der han segjer:

«En tredje engstelse er kommet fremi ved spørsmålet om å melde sig inn i Nasjonal Samling.

*Enhver må her følge sin overbevisning.* Utover dette hverken kann eller må noen la sig drive av et hvilket som helst hensyn (Morgenbladet 30/7-45).

So klok var Oslobispen i 1940.

Det klokaste som riksens styremakter no kunde gjera var — like so godt fyrst som sist å sanna sine synder mot vårt fengselidne folk og sleppa laus nokre tusund *menige* N.S.-folk og berre halda tilbake erkekjeltrингane, sadistane, angiverane og dei verste profitørane. Amnestiet må jo koma ei gong. Det er berre eit tids-spursmål. Men di lenger me ventar, di verre vert rotet i ein halv million dokument. Juristane greider det aldri. Inkje heller er det fengselsrom nok. Og set me fangane på tvangsarbeid; lyt me ha ein heil armé av soldatar til vakthald. Og endå vert det ingen ting gjort, berre latmannsarbeid. Og ein herskare av politi må til for å fanga inn rømlingane og like so mange juristar til å døma rømlingane og soldatane, som inkje passa på — eit juridisk *perpetum mobile*.

## 14. FRONTKJEMPARANE

Folk eig inkje ord sterke nok til å fordøma «frontkjemparane». Ja, dei er visst endå verre enn nazistane endå det skal noko til. Det er lukkast å få heile den norske pressa einnvend. Og det eine bladet skriv hugheilt etter det andre.

Folk hev slutta reint med å tenkja sjølve. Det leiter på veit du. Og so let dei like so godt bladmennene «tenkja» for seg. Men bladfolk lyt mang ei gong skriva utan å tenkja. Dei fær ikkje lov til å tenkje. Dei må taka tankane ferdig laga i redaksjonen og banka deim inn i hausen på ein truskyldig lesarkrins, som trur alt han ser på prent.

På den måten lagar bladredaktørane «folkemeining» millom folk som inkje eig nokor sjølvstendig meinung, og som inkje orkar tenkja sjølve, men snart nok trur, at tankane er deira eigne heimelaga. Med godt samvit sparkar dei so frontkjemparane ut or samfunden — ut i ørvæna.

I namnet på all rettferd kunde det vera på tidi, at frontkjemparane fekk ein forsvarar. For mange er betre enn sitt rykte!

Folk som inkje er alt for stutthugsne må vel minnast, at det beint fram var ei trusetning her i landet, at bolsjevikane var fárlege folk. Med retto eller med uretto hev nordmennene alltid havt ei merkeleg redsel for russarane. Det same hev i endå høgare grad vore tilfellet med svenskane. Dette viser svensk politikk, inkje minst i denne siste krigen. Her i landet er me seinare komne på andre, betre tankar. Det var inkje for tidleg.

Me hev enno i frisk minne den sterke samhugen med Finnland under den fyrste russekriegen. Det var innsamling av pengar. Og me sende iinnan mat, — 50 000 ryggsekkjer, ein masse vinteruttreidnad, sanitetsutreidnad, doktorar og sanitetssoldater. Det var store hvernemøte og 500 idealistar gjekk i finsk tenest *mot russarane*. Dei som kom tilbake, kom med palmar i hendene. Men dei, som gjekk inn i krigen mot Russland på eit *seinare* tidspunkt vart sette i *fengsel* — ulogisk nok. Inkonsekvent. Igår palmar. Idag fengsel.

Og me hugser folkeskræmsla på den tid: «Når ei gong Russland hadde teke Finnland, so kom turen til Nord-Noreg». Det var endå mange her i landet, som heint fram harma seg over, at Tyskland kunde stå passivt til vinterkrigen i Finnland.

Denne otten for Russland var på den tid inkje nokon ser-norsk otte. Han var europeisk. Han kom soleis sterkt fram i nokre fyrelesningar av professor *Karl Meyn* på den tekniske høgskulen i Zürich hausten 1939. *Meyn* var professor i soga. Men han fekk lov til kveld etter kveld å tala i det velduge *auditorium maximum* som var stappande fullt.

Han tala inkje um Tysklands rasande framgang i aust — inkje heller um Japan og den gule fåren. Nei han tala um Russland dette velduge riket som tøygde seg frå Stillehavet til Øystresjøen.

Då han hadde tala um dei baltiske statane, sagde han: «Kor mykje meir lokkande er 'kje Finnland!» «Men», ropa han, «die Frage ist nicht eine finnische Frage. Est ist eine scandinavische!» Og dei fine fingrane hans gleid på kartet snøgt over dei norske fjordane, som han meinte var 10 gonger meire verd. Det gjekk kaldt ned over ryggen på nordmenn, som sat og høyrd på.

Og då so krigen braut ut millom Tyskland og Russland, var det naturleg for mange idéalistar å fylkja seg under det tyske merke. For tyskarane stod jo på same sida som Finnland og mot Russland. Desse menn trudde på den tyske lovnaden um at Noreg skulde få att fridom og sjølvstende. Dei var like so truskyldige som visse norske blåøygde «statsmenn».

Det norske riksstyre var ute or landet. Og kvar mann laut no vera sin eigen utanriksminister og sjølv finna fram til det rette. Var det so undarleg, at det gjekk rundt for mange ulærde og, at dei kunde koma til å gjera mistak? Tenk på denne hagleregn av tysk

propaganda! Burde me 'kje freista å forstå deim og tilgjeva deim? For det er større menn som hev fare vill. «Å forstå er å tilgjeva», segjer franskemannene. «Comprendre e'est pardonner».

Frontkjemparane flest gjekk inn i krigen i den trui, at dei sette livet inn for fedrelandet. Men so kom dei ved eit mistak ved ein undarleg leik av lagnaden til å slåst på den gale sida. Um dei tyske rædslegjerningane i Noreg visste dei fleste ingen ting. Og heller inkje fekk dei tak i den norske underjordiske pressa. Nei, då var det mykje lettare for oss her heime å vera «kloke».

Mange av «frontkjemparane» fekk hardare medferd i fengslet enn andre. Ein stor part laut sitja i celle. Og med andlitet mot ruta fekk dei sjå på dei andre fangane som kunde ferdast ute. Kann so nokon undrast over, at dei vart fiendar av det samfund, som inkje vilde forstå deim? Dei hadde nok ei ollvorleg meinung, då dei drog ut i krigen. For det ligg att burtiniot inkje mindre ein 1000 mann av deim på russiske slagmarker, Og tenk på alle kryplingar! Tenk på alle enker og farlause! For ein grenselaus jammer!

Desse menn burde jo aldri ha vore sette i fengsel, so sant dei inkje hadde større synder på samvitet enn den ting, at dei av vanvare, men i beste meining, var komne i skade for å slåst på den gale fronten, — so sant dei inkje hadde vore erkekjeltringar, sadistar og angivarar. Det var ein kjempebommert å setje deim i fengsel.

Og hadde eg vore krigsminister, vilde eg ha godkjent desse karane. For dette er harde hausar og krigarar. Det er folk, som hev lukta krutt og ført krig i 30° kulde. Og det er *krigarar* den norske heren treng.

Livet hev lært meg, at me kjem lenger med ei flat hand enn med ein knytt neve. Og eg segjer atter og atter: Ola nordmann er ein bra kar. Med gode kann du lokka 'n gjennom varme og sprakande eld, men bru-